

PLAN
FOR
GRAVPLASSANE
I
SVEIO
2020 – 2060



1. Lov og Forskrift

1.1 GRAVFERDSLOVA

[Gravferdslova](#) (Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd) er styrande for dette feltet. Lova legg alt ansvar for planlegging, forvaltning og drift av gravplassar til kyrkjelege organ. Lokalt ligg dette ansvaret til kyrkjeleg fellesråd. Bispedømerådet er godkjenning og klageinstans.

Kommunen har vidare ansvaret for at kyrkjeleg fellesråd har tilstrekkeleg med midlar til anlegg, drift og forvaltning av gravplassar.

Gravplassar skal framleis vera soknet sin eigedom, men drift- og forvaltningsansvaret ligg som omtala ovanfor til Kyrkjeleg fellesråd.

Gravferdslova vart revidert i 2011. Viktige moment er:

- Nemninga kyrkjegard vert erstatta av gravplass. (I denne planen vil me framleis nytta «kyrkjegard» om dei gravplassane som ligg like ved ei kyrkje)
- Det er ikkje krav om gravplass i alle sokna.
- Kravet om at gravlegging skal skje i respekt for avlidnes religion eller livssyn er presisert.

Nedanfor vert sitert paragrafane 1, 2, 3 og 4 i gravferdslova, slik dei lyder etter lovendringane i 2011:

§ 1.Grunnleggende bestemmelser

Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.

Gravlegging skal skje på offentlig gravplass eller på gravplass anlagt av registrert trossamfunn i henhold til tillatelse etter lov 13. juni 1969 nr 25 om trdomssamfunn og ymist anna.

Når en omkommet person ligger på havets bunn eller ute i naturen, utgjør dette en naturlig grav som ikke må berøres i annen hensikt enn å flytte hele legemet til gravplass etter annet ledd eller utsettes for direkte forstyrrende eller krenkende virksomhet.

Gravplassene er soknets eiendom, med mindre annet følger av særskilt rettsgrunnlag. Soknene i en kommune kan i fellesskap eie gravplasser.

§ 2. Krav til gravplasser.

I hver kommune skal det være en eller flere gravplasser av slik størrelse at det til enhver tid er ledige graver for minst 3 pst av kommunens befolkning.

Departementet gir regler om gravplassenes utforming og utstyr, jordbunnforhold, gravstørrelser, gravdybder, gravminner, gravregister og kartverk.

§ 3. Kirkelig fellesråds og kommunens ansvar.

Kirkelig fellesråd har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra fellesrådet.

§ 4. Anlegg m.v. av gravplass og krematorium.

Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra bispedømmerådet. Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen.

Anlegg eller vesentlig endring av krematorium kan ikke skje uten tillatelse fra departementet. Departementet kan sette vilkår for tillatelsen og ellers gi forskrifter om drift og forvaltning av krematorier.

1.2 Forskrift til gravferdslova

I [Forskrift til gravferdslova](#) (forskrift 1997-01-10 nr. 16) er gjeve ei rekke med detaljerte reglar om anlegg av gravplass, plan for gravplassar, graver og gravlegging, gravminne, krematorium og oskeurner, og om forvaltnings- og driftsansvaret. Forskrifta regulerer ei rekke detaljspørsmål som tidlegare var regulert i dei lokale gravplassvedtektene, noko som har ført til ei vesentleg forenkling av desse vedtektene.

Av spesiell interesse for gravplassplanen er § 2 i forskrifta, denne vert sitert nedanfor;

§ 2. Anlegg mv. av gravplass

Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkelig areal til gravplass og skal selv, i samråd med kirkelig fellesråd, regulere slikt areal etter kapittel 12 i lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven). Regulert areal til ny gravplass eller utvidelse av gravplass skal om mulig også omfatte en buffersone mellom gravplassareal og naboskap. Gravplass skal skjermes mot støy i samsvar med gjeldende retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging. Bispedømmerådet skal som statlig fagmyndighet ha anledning til å uttale seg før kommunen gjør vedtak, jf. plan- og bygningsloven kapittel 11 og 12.

Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av kirkelig fellesråd og godkjennes av bispedømmerådet, jf. gravferdsloven § 4 første ledd. Ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskilt tilrettelagte graver vurderes. Helsefaglig myndighet i kommunen skal gis anledning til å uttale seg om plan for gravplassen før vedtak fattes.

Kirkelig fellesråd er ansvarlig for utarbeidelse av plan for gravplassen og gravkart og for igangsetting av arbeidet.

Her kan me merka oss det som står i andre avsnitt om at «ved anlegg, utvidelse og vesentlig endring skal behovet for særskilt tilrettelagte graver vurderes» (gjeld minoritetsgrupper). Dette har me nå i Sveio tilrettelagt for ved utvidinga i Førde.

1.3 KULTURMINNELOVA

Etter [kulturminnelova](#) (Lov av 9. juni 1978 nr. 50) er alle kyrkjer, kyrkjeruinar, kyrkjetufter, gravminne, gravfelt, urnegraver, kistegraver, og kyrkjegardar m/innhegningar og gravmæle av alle slag, frå mellomalderen, dvs. eldre enn frå 1537, automatisk freda. Fylkeskommunen og Riksantikvaren har overordna mynde etter denne lova.

I Sveio har me ingen slike gravfelt. Det er samtidig omsyn som må tas i forhold til Kulturminner. Fleire av Gravplassane er tatt med i Kulturminneplanen til Sveio kommune; Valen kapell og kyrkjegard samt Eikeland Gamle er såkalla A- områder. Det same er dei to Kolerakyrkjegardane og Sveiohaugen med den nedlagde gravplassen der.

Gravplassen ved Fjellstad (Sveio Nye og Gamle) samt Ulveraker og Førde gamle ligg i omsynssone B i denne planen. Omsynsone A og B angir kor sterkt vern objekta har i forhold til endringar av bygningar mv. A-område har sterkast vern.

Dei såkalla kolerakyrkjegardane er alle nedlagde som gravplassar. Dei nedlagde gravplassane bør takast vare på som kulturminne. Kommunen må vera seg medvite dette ansvaret.

1.4 Oppsummering

- Det overordna ansvaret for at det i kommuneplan og reguleringsplan er sett av nok areal til anlegg av gravplassar ligg til kommunestyret, og det er kommunestyret som ved godkjenning av arealplanar gjer endeleg vedtak om kor gravplassar skal plasserast.
- Det er også kommunestyret som har det økonomiske ansvaret.
- Kyrkjeleg fellesråd har forvaltnings-, planleggings- og driftsansvaret for gravplassar.

2. Krav til graver

2.1 Kistegraver

Etter gravferdsforskrifta skal kistegrav vera minst 3 meter lang og 1,5 meter brei (4,5 m²). Tidlegare var minstekravet 1,2 meter x 2,4 meter (2,88 m²). Saman med auka krav til avstand mellom gravfelt samt buffersone mellom gravplass og naboskap fører dette til at utnyttingsgraden på nye gravplassar er nær halvert i høve til tidlegare regelverk!

Merk likevel at for gravplassar – eller deler av slike – som er tekne i bruk før 01.01.97 er det dei gamle minstemåla måla som gjeld, også i dei tilfelle der gravfelt vert sanerte og tekne i bruk på nytt.

Kort sagt var det plass til ein halv gong til så mange graver etter dei gamle måla.

Kistegrav skal etter gjeldande forskrift ha minst 80 cm jordoverdekking.

2.2 Gravlegging i to nivå

Gravlegging i to nivå kan skje dersom tilhøva på gravplassen ligg til rette for dette. For at tilhøva skal liggja til rette må det vera så djupt at den første kista kan gjevast ei jordoverdekking på 1,5 meter.

Tilhøva på Sveio ligg ikkje til rette for gravlegging i to nivå, og tilrettelegging for dette ved nye anlegg vil sannsynlegvis verta urimeleg kostesamt. Det vil og få driftsmessige konsekvensar då det vil krevja anna utstyr i samband med gravlegging.

2.3 URNEGRAVER

Urnegrav skal vera minst 2,25 m² stor, grava skal delast i fire felt med plass til ei oskeurne i kvart. Oskeurne skal ha minst 0,5 meter jordoverdekking.

Det er og plass til åtte urner på same areal som ei kistegrav, samstundes som at ein til slike graver kan nytta areal med vesentleg redusert krav til jorddjupne.

2.4 Omløpstid

Med omløpstid meiner ein den gjennomsnittlege tida som går frå ei grav (eller eit gravfelt) vert teke i bruk til det kan takast i bruk på nytt.

Omløpstida teoretisk kan vera maksimalt 60 år. Jf. at feste lenger enn 60 år kun skal godkjennast etter søknad. Røynsle frå andre kommunar tilseier likevel at omløpstida i praksis

vert noko lengre enn dette, m.a. p.g.a. feste av grav for attlevande ektefelle. For planleggingsføremål vert det tilrådd at ein reknar med ei omløpstid på 70 år. Truleg er dette også litt for optimistisk rekna.

Dette inneber i praksis at ein ved å ha tilstrekkeleg gravareal for 70-80 år (svarar nokolunde til 70 til 80 prosent av folketalet) truleg vil ha nok gravareal for "all" framtid. Skal dette slå til må det førast ein aktiv praksis for gjenbruk av graver der fredings- og festetida er gått ut.

3. Gravplassar i Sveio

Sveio har tradisjonelt sett hatt gravplassar desentralisert rundt i kommunen. Det er nå og gravplassar knytt til alle tre kyrkjene og til Eikeland og Valen kapell. Det er i tillegg gravplassar fleire andre stadar i kommunen. Dette må ein sjå i samanheng med at gravferda i stor grad skjedde frå heimane og direkte til gravplassane til langt utover 1900 talet.

Gravplassane er soknet sin eigedom etter lova. Ansvar for gravplassdrifta ligg i Sveio hjå kyrkjeleg fellesråd slik som og dei fleste andre stader. Finansieringa skjer hovudsakleg gjennom kommunale midlar og festeavgift.

Her er ein oversikt over gravplassane i Sveio

01. Valen
02. Ulveraker
03. Førde Nye – ved kyrkja
04. Førde Gamle – ved Sjøen
05. Framnes
06. Bjelland
07. Eikeland Nye – ved kapellet
08. Eikeland Gamle – ved sjøen
09. Nordskog
10. Sveio Nye – ved Fjellstad
11. Sveio Gamle – ved Fjellstad
12. Sveio Sentrum – ved kyrkja



Forutan desse gravplassane er det registrert andre gravplassar som er tatt ut av bruk for lengre tid sidan;

- Sveio v/Paddevegen
- Sveio v/Det tidlegare Bedehuset
- Kolerakyrkjegarden v/Mølstre
- Kolerakyrkjegarden v/Leirvåg

I 1999 vart det utarbeida ein plan for kyrkjegardane i Sveio for perioden 2000 – 2040. Etter nærare 20 år er det behov for å sjå på denne på ny. Det har skjedd endringar i befolkningstruktur og gravskikkar både nasjonalt og lokalt. Me har i Sveio og fått ein ny gravplass i 2012; Sveio Sentrum. Kyrkjegarden ved Førde Kyrkje er og blitt utvida i 2017.

Denne nye gjennomgangen er nødvendig for å vurdere kapasitet og bruk av gravplassane dei komande 40 åra.

3.1 Valen

Kyrkjegarden er tatt i bruk ca. 1665 og er framleis i bruk. På kyrkjegarden ligg og Valen Kapell. Gravplassen er definert som eit A- område i Kulturminneplanen.

3.2 Ulveraker

Kyrkjegarden vart tatt i bruk i 1873 og er framleis i bruk. Den ligg like ved Valestrand Kyrkje. Kyrkjegarden vart sist utvida i 1981. Det er og ein liten driftsbygning i tilknytning til kyrkjegarden. Kyrkjestaden er definert som eit B-område i Kulturminneplanen.

3.3 Førde Nye – ved kyrkja

Kyrkjegarden vart tatt i bruk etter at kyrkja vart bygd i 1938. Det er få graver her før ein kjem ut på 1950 talet. Kyrkjegarden vart utbetra med utskifting av massar på deler av gravplassen i 1983 og nå utvida i 2017. Her er det og lagt til rette med egne urnegraver samt og ein minnelund.



3.4 Førde Gamle – ved sjøen

Denne gravplassen vart tatt i bruk i 1876. Pr i dag ligg det føre eit graveforbod frå det tidspunktet det ikkje er fleire ledige graver. Gravplassen ligg fint til ved sjøen og området rundt er rusta opp siste åra. Området går og inn i Kulturminneplanen til Sveio kommune som ein del av eit omsynsone B som omfattar bygdemiljøet i Førde.

3.5 Framnes

Gravplassen vart tatt i bruk i 1916 og vart utvida i 1983. Gravplassen ligg langs Ålfjordvegen og er omkransa av skog.

3.6 Bjelland

Gravplassen vart tatt i bruk i 1878 og er framleis i bruk til festa graver samt til nye graver for urner. Det er ikkje rom for gjenbruk til kistegravferder.

3.7 Eikeland Nye – ved kapellet

Kyrkjegarden var tatt i bruk i 1958. Den ligg på nordsida av kapellet.

3.8 Eikeland Gamle – ved sjøen

Gravplassen vart tatt i bruk i 1903. Gravplassen er pr. i dag tatt ut av bruk. Den ligg ved sjøen der dei tidlegare rodde over mot Valestrand kyrkje. Gravplassen er eit A-område i kulturminneplanen.

3.9 Nordskog

Gravplassen vart tatt i bruk i 1944, utvida i 1972 og har eit mindre reiskapshus på området.

3.10 Sveio Nye

Gravplassen vart tatt i bruk i 1972 og ligg like ved «Sveio Gamle». Sveio Nye er den gravplassen ved Fjellstad som ligg nærast vegen.

3.11 Sveio Gamle

Gravplassen vart tatt i bruk i 1899 og ligg ovanfor «Sveio Nye». Gravplassen er delt i fleire felt der eit felt vart nytta til gjenbruk første del av 2000 talet.

3.12 Sveio Sentrum

Kyrkjegarden ligg ved Sveio kyrkje i sentrum. Kyrkjegarden vart tatt i bruk i 2013. Den har eit eige urnefelt. Det er og ein minnelund på gravplassen. Det er sett av areal til vidare utviding av gravplassen.

3.13 Tidlegare vedtak om nedlegging mv

Bjelland – Her er det gjort vedtak om at det berre kan setjast ned urner forutan allereie festa nye graver.

Førde Gamle ved sjøen – Her er det gjort vedtak om at det berre kan setjast ned urner forutan allereie festa nye graver.

Eikeland Gamle – Her kan det pr. i dag ikkje lenger setjast ned verken urner eller kister.

Nordskog – Her var det i 2013 eit framlegg om å berre tillate nedsetting av urner på felt A då gravene her ligg tett og er særst vanskeleg å nytta til nye kistegravferder. Saka vart den gong utsett utan at det vart gjort endeleg vedtak.

4. Folketal

Folketalet i Sveio har stege betydeleg siste åra. Sveio har pr i dag ei relativ ung befolkning. Framskrivingar av folketalet frå SSB si side viser at me får forholdsvis fleire eldre framover;

	2020	2030	2040
1216 Sveio			
0-9 år	876	882	978
10-19 år	838	987	998
20-29 år	632	764	880
30-39 år	813	798	899
40-49 år	806	942	940
50-59 år	653	831	959
60-69 år	701	641	816
70-79 år	447	622	582
80-89 år	168	316	447
90-99 år	40	50	113
100 år eller eldre	2	2	2

Som vi ser av tabellen ovanfor vil det etter SSB sine framskrivingar vera ei særleg stor stigning i aldersgruppene over 80 år fram mot 2040. Dette er viktig å ta med seg i denne samanhengen då det er her i desse aldersgruppene det er flest dødsfall.

Befolkningsauke og samansetninga i befolkninga tyder derfor begge deler på at det årleg vil bli tatt i bruk fleire graver rundt 2040 enn det me erfarer pr. 2018. Vi bør planleggje for 30-50% fleire gravferder pr. år i perioden rundt 2040 samanlikna med dei siste åra.

I Sveio er det lagt opp til at gravlegginga kan skje på den gravplassen som dei næraste pårørande ønskjer. I stor grad vel dei den gravplassen som dei naturleg soknar til. Det er derfor og relevant å sjå på befolkninga etter krins. Her har me berre utviklinga tilbake i tid, men me kan likevel nytta desse tala noko når me ser framover.

For kretsane som soknar til dei ulike kyrkjene finn me desse tala:

Folketal	1999	2007	2017	Auke i %
Sveio Sokn	2600	2840	3667	41%
Auklandshamn/Eikeland	392	435	468	19%
Valestrand	758	673	659	-13%
Førde	808	829	882	9%

Desse tala kan seia noko om kor behovet for gravlegging vil bli størst framover. Som me ser er det særleg i sørre del av kommunen samt i Auklandshamn me har hatt auke i folketalet. Tala kan og stykkast meir opp på krinsnivå slik at me t.d. kan sannsynleggjera at det nok blir lengre mellom gravleggingar på Framnes og fleire på kyrkjegarden ved kyrkja i Førde. Erfaringar kan og tyda på at

nokre vel ein annan gravplass enn den dei soknar til, t.d. den nye i Sveio Sentrum i staden for Nordskog.

I 1999 vart det sett på bruken frå 1989 – 1998. Me har nå sett på bruken i perioden 1999 – 2017. I analysinga av tala har me samanlikna tala for 1989 – 1998 med periodane 1999 – 2008 og 2009 – 2017 for å finna årleg snitt.

Ser me på åra 1999 – 2017 har det vore 40,4 gravferder i året i snitt her i Sveio. Ser me på folketalet i 1999 (4515) og 2017 (5656) kan me gå ut frå eit folketal på om lag 5000 personar i denne perioden. SSB sine framskrivingar til 2040 tilseier ein folketal som er halvannan gong så høgt. Ut frå dette kan me gå ut frå om lag 60 gravferder årleg. Talet kan og bli høgare ut frå at alderssamansetjinga endrar seg, jf. fleire eldre i befolkninga. Me kan her t.d. sjå tilbake på at det i perioden 1989 – 1998 var 46,50 gravferder i snitt pr. år. Dette med ein befolkning på 4600 ved utløpet av den perioden. Mykje mulig ligg forklaringa her i at det nå utover 2000 talet har vore høg folkevekst og ein ung befolkning desse siste åra, og færre dødsfall enn folketalet aleine skulle tilsei.

5. Planlegging framover

Gravferdslova slår fast at det til ei kvar tid skal vera ledige graver til 3% av innbyggjartalet i kommunen. Tek med utgangspunkt i eit innbyggjartal på 5700 tilseier dette behov for minimum 171 ledige graver. Totalt sett for kommunen er dette godt oppfylt. Det kan samtidig variera mellom ulike bygder kor god kapasiteten er.

Me må som nemnt ovanfor planlegga for eit betydeleg høgare tal gravleggingar pr. år på bakgrunn av folkeauke og alderssamansetjing. Over nokre år er det stor forskjell på 40 gravferder i dag og eit mulig nivå på mellom 55 og 60 pr. år 20 år fram i tid.

5.1 Gravareal for 70-80 år med gjenbruk

Ein måte å rekna på gravareal er å ta utgangspunkt i tilstrekkeleg gravareal til 70-80 års pårekna behov. Då reknar ein å ha nok gravareal for "all" framtid – dvs. så langt fram som det er rimeleg å planleggja for. Tabellen nedanfor syner situasjonen i dette perspektivet:

Kyrkjegard:	Tal graver totalt:	Pårekna 80 års gravbehov :	Merknader:
Valen	416	4x 80 = 320	Tilstrekkeleg areal*
Ulveraker	648	5,5 x 80 = 440	Tilstrekkeleg areal*
Førde Nye	509	4,5 x 80 = 360	Tilstrekkeleg areal
Førde Gamle	314	1 x 80 = 80	Tilstrekkeleg areal **
Framnes	309	1,5 x 80 = 120	Tilstrekkeleg areal
Bjelland	524	1 x 80 = 80	Tilstrekkeleg areal*
Eikeland	354	5 x 80 = 400	Her må det byggast ut
Eikeland Gamle	206		Ikkje i bruk
Nordskog	378	1,5 x80 = 120	Tilstrekkeleg areal***
Sveio Nye	462		Ingen ny gravlegging
Sveio Gamle	1088		Ingen ny gravlegging
Sveio Sentrum	412	17x80 = 1360****	Her må det byggast ut

* Må likevel vurderast opp mot om graver er gjenbrukbare.

** Kun urner og nokre få festa graver

*** Dårlege grunnforhold + at eit felt ikkje er egna til gjenbruk

**** Her er det tatt utgangspunkt i at all gravlegging skal skje på gravplassen i Sveio Sentrum. Noko gravlegging vil skje på Sveio Nye og Gamle. Det må tas omsyn til sterk folkevekst i desse områda.

Som oversikten viser er det behov for utbygging på Eikeland og Sveio Sentrum. På Eikeland er det og eit vesentleg innslag av graver som berre kan nyttast til urner. Begge stader eig kommunen areal som kan nyttast. For Sveio sin del bør det vera tilstrekkeleg areal innanfor planperioden, men det kan vera behov for meir areal til føremålet etter 2060.

Dei andre stadene i kommunen bør det vera tilstrekkeleg kapasitet etter denne berekninga. Det er likevel viss utfordringar med gjenbruk blant anna på Valen og Nordskog. På Valen vil det sannsynlegvis vera nødvendig med visse mindre tiltak for å sikra kapasiteten.

5.2 Berekning av ledige graver ut frå ledige graver og graver tatt i bruk i snitt siste åra

Me har og gått inn på enkelte gravplass og sett på kor mykje graver som er nytta årleg og rekna på korleis kapasiteten vil utvikla seg.

Kyrkjegard:	Tal ledige graver:	Graver tatt i bruk pr år:	Merknader:
Valen	131	$131/4 = 32$ år	Tilstrekkeleg areal*
Ulveraker	203	$203/5,5 = 37$ år	Tilstrekkeleg areal
Førde Nye	309	$309/4,5 = 68$ år	Tilstrekkeleg areal
Førde Gamle	73	$73/1 = 73$ år	I praksis berre urner
Framnes	74	$74/1,5 = 49$ år	Tilstrekkeleg areal
Bjelland	129	$129/1 = 129$ år	I praksis berre urner
Eikeland	59	$59/5 = 11$ år	Under føresetnad av betydeleg auka urnebruk**
Eikeland Gamle	0	-	Ikkje i bruk
Nordskog	77	$77/2 = 37$ år	Tilstrekkeleg areal
Sveio Nye	22	-	Ingen ny gravlegging, ledige berre egna til urner

Sveio Gamle	?	-	Ingen ny gravlegging
Sveio Sentrum	325	325/17= 19 år	Her må det planleggast for utbygging, jf. og auke i folketal

* Valen må vurderast særskilt i forhold til høve for gjenbruk.

** Ved berre bruk av kistegraver er det tilstrekkeleg med graver i ca 3 år på Eikeland.
Det viser seg fleire graver enn først antatt kun kan nyttast til urner, jf dybde.

Statistikken for dei siste 10 åra tilseier at det er ei gradvis auke i bisetjingar og nedsetting av urner sett i forhold til gravferder med bruk av kiste. I åra 2008-2012 vart urne nytta i 7% av gravferdene medan det i frå 2013-2017 er prosentandelen 10,5. Det er ikkje ein stor endring, men likevel ein klar tendens.

Bruk av urnegrav kan i mange tilfelle vera gunstig både sett ut frå arealomsyn og ved gjenbruk. Tidlegare var som nemnt ovanfor måla på gravene mindre og det kan vera krevjande å koma til her når ein ved gjenbruk skal ned med ei ny kiste. Nye urnegraver har plass til fire urner på eit areal som er halvparten så stort som ei kistegrav. Nedsetting av urne i ein minnelund kan og vera eit alternativ for dei som vel kremering.

5.3 Verkemiddel som kan påverka behovet for gravareal

5.3.1 Økonomiske verkemidlar

Mange kommunar yte økonomisk støtte til dei som vel urnegravferd framfor kistegravferd. Kremasjonsavgifta vert dekkja slik at ikkje denne kostnaden på i overkant av kr 5000,- skal stå i vegen for at dei etterlatne vel denne gravferdsforma.

Det er nå laga til Minnelund både ved Kyrkjegardane i Sveio sentrum og ved kyrkja i Førde. Her vil det vera mulig å få sett ned urner på eigne felt avsett til minnelunden. Ønske ein i tillegg namneplate vil det koma kostnad for denne. Denne kostnaden vil likevel vera langt lågare enn ved eige gravminne/gravstein.

Kor stort behovet er for nye graver heng og saman med kor lenge eksisterande graver er freda/vert festa. I Sveio er fredingstida sett til 30 år. Det er deretter høve til å festa grava for nye 10 år av gongen. Gravferdslova gir høve til å nekta vidare feste etter 60 år. Nokre Fellesråd/kommunar har valt ei løysing der festeavgifta vert høgare etter kor lenge grava er festa. T.d. er festeavgifta i Bømlo kr 200,-/år mellom 30 og 40 år medan den er 350,-/år etter 60 år. Kostnadar med feste vil slik sett kunne påverka kor lang omløpstid ein har på gravene.

Pr i dag er det og slik i Sveio at om ein vel å bruka ei festa grav på ny går festeavgifta vidare. Dette vert slik sett ei dyrare løysing for dei pårørande enn om ein vel å be om ei ny grav. Det kan derfor vurderast om dette bør endrast slik at ein får «fri grav» i fredingstida uavhengig av om ein nyttar ny grav eller gjenbruk. Jf. og nedanfor.

5.3.2 Fredingstid

I følge lova er ei grav freda i minst 20 år. Kvar enkelt kommune har høve til å setja denne fredingstida lenger om lokale forhold skulle tilseia det. I Sveio er fredingstida sett til 30 år. Jordforholda på fleire av gravplassane tilseier at denne ikkje kan reduserast på desse. Det vil vera utfordrande å praktisera ulik fredingstid på ulike gravplassar. Vi har pr i dag heller ikkje erfaringar med nedbrytinga på dei nyaste gravplassane.

Nokre stader vert det og praktisert ulik fredingstid på urner og på kister. Gjerne då slik at urner fyl minimumstida på 20 år medan kistegraver er freda i 25 eller 30 år.

5.3.3 Påverknad av val av type grav

Bruk av urne er blitt meir vanleg og i vårt område. Dette er gunstig for gravferdsmyndighetene då urnegraver krev mindre areal og at ein og kan nytta areal med lågare djupne samt at det er lettare med gjenbruk av gamle gravfelt med mindre plass mellom gravminna. Vel fleire kremasjon vil det vera ein fordel i forhold til areal og utbyggingsbehov.

Det er nå tilrettelagt for minnelund ved kyrkjegarden i Førde og i Sveio Sentrum. Desse er foreløpig ikkje tatt i bruk. Bruk av desse vil ha same fordeler som ved ordiner urnenedsetting. For pårørande er ein fordel at dei slepp ansvar for gravminne.

Gjenbruk av festa familiegraver vil i mange tilfelle vera gunstig. Det vil derfor vera viktig å gjera denne muligheten kjent. I nokre tilfelle vil det vera mindre gunstig for gravferdsdrifta med gjenbruk enn å ta i bruk nye graver – men i dei fleste tilfelle vil dette vera akseptabel tidsbruk sett opp mot reduksjon i behovet for å nye gravfelt. Nokre få stader/felt kan det likevel vera aktuelt å ikkje tillata nye kistegravferder.

5.3.4 Sletting av graver

Sletting av graver gir muligheter for gjenbruk og vil redusere behovet for nye graver. For ein del vil det likevel vera vanskeleg å sletta grava til sine næraste. Symbolsk flytting kan for nokre vera eit alternativ. Ved symbolsk flytting vert aktuell grav sletta og gravminne her fjerna medan namnet vert ført på ei anna gravminne på denne eller annan gravplass. Det må formelt sett søkjast som symbolsk flytting. Dette er ein mulighet som nok bør gjerast kjent for fleire då det kan frigjera graver til gjenbruk.

6. Framlegg til tiltak

6.1 Utvidinga mv

6.1.1 Eikeland – Utviding

Det bør startas planlegging av utbygging innan 1-2 år. Utviding bør stå ferdig seinast i 2022/23. Det er tilgjengeleg areal like nord for nåverande kyrkjegard. Det må sannsynlegvis tilførast massar samt at det og må sprengast vekk noko fjell.

Det bør vurderast om parkering skal utvidast noko samtidig. Ved større gravferder er det utfordrande å få tilstrekkeleg med plass til parkering samtidig som vegen må haldast open for trafikk. Det finnes ikkje alternative parkeringsplasser i nærområde.



6.1.2 Sveio Sentrum

Her er det ein del usikkerhet då det er i denne delen av kommunen som det er størst endringar både i folketal og alderssamansetjing samt og i forhold til kva gravplassar som vil bli tatt i bruk. I dei fem åra som har gått har Sveio Nye og Sveio Gamle ved Fjellstad framleis vore mykje nytta då det har vore festa graver her.



Utviklinga må følgjast nøye. I løpet av 5-10 år må det tas stilling til om ein skal starta detaljplanlegginga av vidare utviding nord for nåverande gravplass slik det er planlagt. Eit

alternativ kan vera å sjå på muligheter for gjenbruk av felt og enkeltgraver på Sveio Nye og Sveio Gamle.

I Sveio Sentrum er det tilrettelagt for minnelund. Den er ikkje tatt i bruk i dei fem åra som er gått sidan gravplassen var ferdig. Det bør leggjast til rette for å setja opp minneplater her mv. Minnelunden må og gjerast meir kjent. Dette arbeidet bør setjast i gong straks.

6.1.3 Valen

På Valen må me ta ein gjennomgang av den delen av gravplassen som ligg mot sør. Her er det ein god del sletta graver. Gjenbruk kan vera problematisk på nokre av gravene på grunn av litt liten plass. Det vil vera behov for ein mindre omregulering.



6.1.4 Nordskog



På Nordskog bør felt A gjerast om til eit reint urnefelt. Det er ikkje tilstrekkeleg plass her til å gjenbruka gravene for kister.

Nordskog – Felt A

6.1.5 Bjelland

Det bør gjerast tydeleg at det framleis er muligheter for nedsetting av urner her, både ved gjenbruk og i nye graver.

6.1.6 Førde Gamle

Det bør som på Bjelland visast til muligheter for nedsetjing av urner i nye graver samt ved gjenbruk. Førde Gamle ligg som eit viktig kulturminne i Førde bygda. Aktiv bruk av gravplassen vil sikra at den og vert ivaretatt framover i generasjonar.

6.1.7 Eikeland Gamle

Eikeland Gamle har ikkje vore i bruk til nye gravferder sidan 1973 . Gravplassen ligg i eit område som er sett av som A-område i kulturminneplanen. Det bør her opnast for at gravplassen kan tas i bruk til nedsetjing av urner. Dette vil kunne bidra til at den vert tatt vare på som eit aktivt kulturminne i tillegg til å vera gravplass. Alternativ kan den leggjast ned som gravplass i 2033.

6.2 Økonomiske tiltak

6.2.1 Kremasjonsavgift

Det bør vurderast å innføra ei ordning der kremasjonsavgifta vert refundert. Dette må i så fall vurderast av kommunen. Sjølve ordninga kan handterast av fellesrådet. Pr i dag vil det medføra kostnader på 20-30.000,-/år

6.2.2 Endring av festeavgift/frigrav

Det bør vurderast om det skal innførast ei ordning der alle får frigrav i 30 år uavhengig om det vert brukt ny grav eller om det er gjenbruk eller bruk av festegrav. Dette vil medføra betydeleg reduksjon i festeavgift (mellom 100 og 150000,-/år) og desse reduserte inntektene må i så fall tas inn igjen ved å heva festeavgifta. For å ta inn dei reduserte inntektene må den aukast med rundt 150,- /år.

6.3 Endring i rutinar og praksis

Det vert jamleg sletta graver. Mange gravminner har blitt ståande igjen etter sletting. Det vil derfor vera behov for å styrka praksis med å fjerna gravminner når graver vert sletta og/eller at festeavgift ikkje lenger vert betalt. Dette kan vera med å sikra tilstrekkeleg med tilgjengelege graver.

Det bør vera eit mål at alle gravminner på sletta graver vert fjerna innan seks månadar etter sletting av grava.

Ved utsending av faktura på festeavgift bør det og leggas ved eit svarskjema der ein kan gi opp ev ny festar eller tilbakemelding om sletting av grav. Dette er ein rutine som allereie er i bruk.

6.4 Informasjonstiltak

Det bør setjast i gang informasjonstiltak som kan redusera behovet for nye graver.

- Informasjon om Minnelund
- Høve til gjenbruk
- Informasjon om sletting av graver – symbolsk flytting
- Bruk av kremasjon

Dette er informasjon som må gjerast kjent blant publikum men og ovanfor gravferdsbyrå m.fl.

7 Vedtekter for gravplassane i Sveio

Vedtekter for gravplassane skal utformast i tråd med lov og forskrift. Gjeldande vedtekter i Sveio er frå 1997. I stor grad gir dei framleis gode rettesnorer for arbeidet på gravferdsområdet. Samstundes ser ein at det er behov for justeringar. I samband med gravferdsplanen finn me det derfor rett å koma med framlegg til nye vedtekter.

I dei nye vedtektene vert det opna for at det kan setjast opp gravminne tidlegare på to av gravplassane. Det vert og lagt opp til at det er bårerommet ved Sveio Soknehus som skal nyttast. Dei andre båreromma er i dårleg stand og skal i framtida ikkje nyttast.

Det er og tatt inn i vedtektene forhold som gjeld dei to minnelundane.

8 Behandling av planen

Planen vart behandla i Fellesrådet i juni 2018. Planen vart deretter lagt ut på høyring. Høyringsrunden tok vesentleg lengre tid enn føresett. Det tas derfor sikte på å behandla ferdig plan først i løpet av hausten 2019. Det bør vurderast om det er behov for revidering av planen. Slik vurdering bør gjerast kvart 4. år.

Vedtekter skal godkjennast av bispedømmerrådet.

Betalingssatsar for feste mv vert lagt fram for Fellesråd og Kommunestyre for avgjerd. Slike satsar vil kunne bli justert årleg i samband med budsjett for fellesrådet og kommunen.